

Utkast til konsesjonsvilkår for Høyanger helikopterplass, Fjellvegen og Høyanger helikopterplass, Ekrene

1 Konsesjonshavaren sitt ansvar

Statkraft Energi AS (org 987059729) er konsesjonshavar og ansvarleg for å driva og inneha landingsplassane i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

Konsesjonshavaren er ansvarleg for at konsesjonsvilkåra vert gjort tilgjengelege for brukarar av landingsplassen.

2 Bruk av landingsplassen

Landingsplassane er til privat bruk, og kan berre verta brukt etter løyve frå konsesjonshavaren. Landingsplassen skal berre bli nytta i samband med fjerning av vassdragsanlegg. Forsvars-, politi og luftambulanseoppdrag er likevel tillate, og kan bli føretatt utan løyve frå konsesjonshavaren.

Konsesjonen gjeld for perioden 1. mai 2024 til 1. oktober 2025, og for eit samla trafikkomfang på maksimalt 18.000 flyrørsler i konsesjonsperioden for begge landingsplassane. Høyanger helikopterplass, Fjellvegen, skal likevel berre bli brukt fram til 1. mai 2025. Landingsplassen kan bli brukt alle dagar mellom kl. 0700 og kl. 1900, utanom helge- og heilagdagar, med mindre det vert fastsett andre operative restriksjonar for bruk av landingsplassen.

Konsesjonshavaren skal føra logg over talet på flyrørsler, der dato og tidspunkt for flygingane går fram. Luftfartsstyresmaktene kan bestemma at konsesjonshavaren skal senda inn trafikkdata for landingsplassen.

3 Miljøkrav

Konsesjonshavaren har ansvar for at det blir utarbeidd inn- og utflygingstrasear i samarbeid med lokale styresmakter.

4 Varslingsplikt

Konsesjonshavaren skal varsle luftfartsstyresmaktene om fysiske eller juridiske endringar knytt til landingsplassen dersom endringa er av ein slik karakter at ho kan ha tyding for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn, jf. luftfartslova § 7-6 første ledd. Det same gjeld for større endringar i bruk av landingsplassen. Varslinga må skje i god tid før endringa finn stad slik at luftfartsstyresmaktene kan ta stilling til om endringa føreset endra konsesjon.

5 *Dispensasjon*

Når særlege grunnar tilseier det, kan luftfartsstyresmaktene dispensera frå konsesjonsvilkåra.

6 *Endring, tilbakekall og gebyr*

Luftfartsstyresmaktene kan endra konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Konsesjonen kan verta tilbakekalla dersom konsesjonsvilkår, lovføresegner eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavaren si verksemd, på vesentleg måte blir brotne under utøving av verksemda.

Luftfartsmyndigheten kan gi pålegg om gebyr for brot på forskrift til den som driv eller innehar landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra.

Luftfartstilsynet